

Hjelmås Vvs AS  
Torvhusmyrane 2  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/2310 - 22/35104

Saksbehandlar:  
Roger Fanavoll Fjellsbø  
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.no

Dato:  
02.06.2022

## Løyve til nedsetting av slamavskiljar - gbnr 11/6 og gbnr 11/38

<b>Administrativt vedtak:</b>	<b>Saknr: 502/22</b>
<b>Tiltakshavar:</b>	Turid Henriksbø
<b>Ansvarleg søker:</b>	Hjelmås Vvs AS
<b>Søknadstype:</b>	Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

### VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eit trinn for etablering av slamavskiljar med tilhøyrande leidningsnett på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 19.01.2022 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:

1. Løyve til utlegging av utsleppsleidning i sjø frå Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS.

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av slamavskiljar med tilhøyrande leidningsnett på gbnr 11/6 Hølleland. Det skal etablerast ein 4 m<sup>3</sup> slamavskiljar. Tiltaket gjeld også legging av avløpsrøyr frå naboeigedomen fram til slamavskiljaren. Utslepp frå slamavskiljaren skal førast vidare i ny utsleppsleidning som går til sjø.

Det er i administrativt vedtak sak: 414/22 gjeve utsleppsløyve etter forureiningslova for utslepp av sanitært avløpsvatn frå slamavskiljar.

Det vert elles vist til søknad motteken 10.03.2022 og utsleppsløyve datert 08.04.22.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 08.04.22 når utsleppsløyve vart gjeve. Frist for sakshandsaming i saker med nabomerknader er 12 veker frå dato for komplett søknad.

## **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som område for fritidsbusetnad.

## **Dispensasjon**

Det er kommunens vurdering at tiltaket kan etablerast utan dispensasjon, slamavskiljar med leidningsnett vert utført som eit skjult anlegg utan vesentlege terrengeinngrep, samt at tiltaket er i samsvar med arealformål.

## **Uttale frå anna styresmakt**

Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS har gitt førehandsuttale datert 23.05.2022 og er innstilt på å fatte positivt vedtak i saka.

## **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med Plan- og bygningslova § 21-3.

Det ligg føre slik merknader frå eigar av gnr. 11 bnr. 84 ved brev av 04.02.22:

«Det er flere grunner til å si nei til dette byggeprosjektet. Prosjektet er basert på tradisjonell teknologi med utslipp av alt sanitært vann, både svartvann og gråvann, til et sårbart og grunt sjøområde med en relativt lang strandlinje med naust og badeplasser, og som grenser til LNF område. Følsomheten for forurensing forsterkes av den dominerende vindretningen fra sør/sørvest, særlig etter at Stokksundet og skjærgården mellom fastlandet og øyen Hosøy ble fylt opp av steinmasser ifm etablering av Hosøyvegen. Etter hvert har det også blitt mange utslipp fra både fritidsboliger og fastboende, via tradisjonelle slamavskillere, eller direkte til sjø. Begge de aktuelle husstandene har innlagt vann fra boret brønn slik at relativt store mengder av både svartvann og gråvann vil slippes ut i sjøen urenset, hvis det planlagte byggeprosjektet blir godkjent. Utslippspunktet for prosjektet vil ligge nært utslippspunktet for minirenseanlegget som undertegnede har anlagt på naboeiendommen 11/84, se vedlagte situasjonsplan. Det renser alt sanitært vann tilnærmet 100% før utslipp til sjø, og det vil bli underlagt en årlig kontroll av utslippsvannet, med tilhørende rapportering til kommunen. I forhold til dette fremstår det planlagte anlegget å være totalt meningsløst. Særlig med tanke på at det fra nasjonalt hold er satt et mål om at alle gamle septiktanker skal fjernes på sikt. I det aktuelle området som i kommuneplanen er avsatt til fritidsboliger, ligger forholdene til rette for felles avløpsløsninger basert på hva som i dag er tilgjengelig på markedet av bærekraftige renseanlegg. Det var derfor skuffende at den ene av tiltakshaverne for det planlagte prosjektet sa nei til invitasjonen fra undertegnede om å koble seg til det snart ferdigstilte minirenseanlegget. I denne forbindelse handler det altså om hvordan Alver kommune – og lokale leverandører og tiltakshavere – forholder seg til det grønne skiftet.»

Hjelmås VVS har på vegne av tiltakshavar har kommentert nabomerknad ved brev datert 14.02.22. Det opplyses at:

1. Resipienten er godkjent for utslipp fra slamavskiller
2. Det er et sjøområde med god rensekapasitet
3. Rensekravet er slamavskiller med utslipp til sjø.

### **Privatrettslege tilhøve**

Avløpsanlegget er plassert på egen eigedom gnr. 11/6 og 11/38. Utsleppsleidningen er lagt på egen eigedom (gnr. 11/6) fram til utsleppsstad.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 19.01.2022.

### **Terrenghandsaming**

Der er ikke søkt om terrengendringar. Det vert lagt til grunn at etablering av slamavskiljar vert utført utan vesentlege terrengeingrep.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikke skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK).

## **VURDERING**

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Det er i kart datert 19.01.2022 opplyst at utsleppsleidningen skal leggast på 15 meters djupne.

### **Nabomerknad**

Det ligg føre merknad frå eigar av gnr. 11 bnr. 84 datert 04.02.22. Nabo har kommentert at utsleppspunktet ligg i eit grunt og sårbart sjøområde med mange naust og badeplassar. Han meiner at det vil være ei betre løysing om naboane kolar seg til hans eksisterande minireinseanlegg framfor å etablere slamavskiljar.

Hjelmås VVS har på vegne av tiltakshavar har svart på nabomerknaden i brev datert 14.02.22. Det vert vist til at resipienten er eit område med god reinsekapasitet og at slamavskiljar oppfyller reinsekrava.

I sak 19/1237 er det gjeve utsleppsløyve for gnr 11/84. Reinseløysinga er basert på minireinseanlegg av typen Biovac FD 5 MG. Dette er minireinseanlegg basert på 1 hus/hytte og 5 pe i følgje produsenten sin dokumentasjon. Tilkopling av ytterlegare 2 hytter til minireinseanlegget er derfor ikkje ei løysing som kan godkjennast av kommunen.

Det er kommunen si vurdering at nabomerknaden er tilstrekkeleg ivareatt og at det kan gjevast løyve til nedsetting av slamavskiljar som omsøkt.

## **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

## **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjær si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

## **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytt rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Regelverk**

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søker, jf. pbl § 20-3.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslas i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Tiltaket krev avfallsplan etter TEK § 9-6.
- Tiltaket krev skildring av miljøsanering etter TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikkje gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.
- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommunen vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein

ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid være tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: **22/2310**

#### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlige føresegner gjeld føresegnehene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikke avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikke er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Hjelmås Vvs AS

Torvhusmyrane 5913

EIKANGERVÅG

2

TIPPHAUGEN 8 5252

SØREIDGREND

Turid Henriksbø